

---

**Fra:** Tone Rugset <[trugset@gmail.com](mailto:trugset@gmail.com)>  
**Sendt:** søndag 3. september 2023 13:38  
**Til:** Anne Hildegunn Færøy <[anne.hildegunn.feroy@austrheim.kommune.no](mailto:anne.hildegunn.feroy@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** Fwd: Arbeidstilbodet til dei utviklingshemma i Austrheim kommune

Hei,  
som du ser nedenfor, har styret i NFU sendt spørsmål til politikerne ang arbeidstilboden til de utviklingshemmede i Austrheim kommune.  
Sender kopi til deg til orientering - håper det kan være et nyttig innspill som vi kan komme tilbake til.  
Mvh  
For styret i Austrheim NFU  
Tone Rugset

## **Til listetoppane ved kommunevalet i Austrheim 2023**

### **Til debattmøte 7. september: Spørsmål angåande arbeidstilboden til dei utviklingshemma i Austrheim kommune**

**Bakgrunn:** Dei fleste vil vera godt kjende med endringane i tilboden til dei utviklingshemma etter HVPU-reforma på 1990-talet, men vi vonar likevel det kan vera nyttig med ei kort oppsummering av **nokre viktige utviklingstrekk**, ikkje minst når det gjeld **menneskesyn og politiske føringer**.

**HVPU-reforma og andre nasjonale føringsdokument** uttrykkjer eit **nytt verdigrunnlag** og eit nytt syn på dei utviklingshemma - frå «**brukar til borgar**» (jfr NOU 2001). Stikkord her er **eigen bustad, normalisering, integrering og likestilling**, og rett til **eit aktivt og meiningsfylt liv** med utgangspunkt i **eigne interesser og behov**.

I 2006 kom **FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)**. Den skal sikra respekt for gjeldande borgarrettar og motverke diskriminering. I 2013 vart konvensjonen **ratifisert av Norge**.

Hurdalsplattforma frå 2021 slår fast at FN-konvensjonen skal **inkorporerast i norsk lov**.

Same år (2021) ga **Helsedirektoratet** ut en **rettleiari til kommunane** om gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming – **også bygd på FN-konvensjonen**.

Rettleiaren slår i innleininga m.a. fast at **diskriminering på grunn av funksjonsnedsetjing er forbode**.

I sjølve rettleiaren står det **mykje konkret om ansvar og plikter for kommunen**. Det er eit **omfattande dokument** og mykje å ta tak i, men her vil vi konsentrera oss om det som har med **arbeid og aktivitet** å gjera:

- Det står m.a. at kommunen **skal** leggja til rette for **arbeid/aktivitetstilbod** på dagtid, deltaking i fritidsaktivitetar, kultur, politikk og samfunnsliv samt **transport**.

- Kommunen **skal** vidare utforma tenestetilbodet med utgangspunkt i tenestemottakars ønske, interesser og føresetnader.

Mykje har skjedd sidan 1990-talet – i alle høve på overordna politisk nivå. Den praktiske kvardagen byr likevel på store utfordringar og det er langt til mål.

Vi opplever at i **den politiske dragkampen** står dei **utviklingshemma** att som taparar.

Vi har hørt mykje i valkampen om viktige tiltak for barn, unge og eldre. Vi hører så godt som ingenting om den gruppa vi representerer. Dei er ei **lite synleg gruppe** og ser ut til å vera **lite interessante** når det gjeld å sanka stemmer.

Som nærståande ser vi utfordringane på nært hold og er vane med å stå i tunge kampar på vegner av våre. Vår oppgåve som medlemmer av NFU er **vera talerøy for dei utviklingshemma** i kommunen.

Med utgangspunkt i føringane i dokumenta vi viser til ovanfor vil vi difor utfordra politikarane både når det gjeld **ansvar** og **verdisyn**: **Kva ambisjonar har dei politiske partia på vegner av denne gruppa? Kva meiner dei er godt nok for desse medborgarane?**

Heilt konkret har vi 2 spørsmål knytt til arbeidstilbodet til dei **utviklingshemma** i kommunen:

## 1. Kva vil politikarane gjera med lokale til Arbeidssenteret?

Arbeidssenteret held i dag til i svært **dårlege og ueigna lokale**. Dei er ikkje tilpassa behova for drift av eit godt fungerande arbeidstilbod. Vi var ei kort stund brått inne på ei **prioriteringsliste** med planar for nytt senter. Det var ein forrykande prosess med korte fristar. Diverre var vi like brått ute av lista. Dette haster det med å få på plass.

## 2. Vil politikarane prioritera ein eigen arbeidsleiar til å drive senteret?

Dei **utviklingshemma** har **rett til og behov for** eit skikkeleg arbeidstilbod. Dei er **likeverdige medborgarar** og treng som andre å oppleva meistring. Men dei treng **tilrettelegging**.

Eit meiningsfylt arbeidstilbod tilpassa denne målgruppa er heilt avhengig av å ha ein **leiar** med overordna ansvar for å laga planar og følgje opp arbeidet. Det trengs **klare rammer** med fast arbeidstid og eit fast opplegg med god struktur og positive forventningar. Det kan ikkje vera opp til den einskilde arbeidstakar som tilfeldigvis er på vakt å ha ansvar for dette. Personalaet som no er tilsett har meir enn nok press på seg som det er for å utføra primæroppgåvene sine.

Dei **utviklingshemma** er ei gruppe menneske som er **svært sårbare for psykisk og fysisk uhelse**, m.a. som følgje av passivitet. Dei kan ikkje aktivisere seg sjølve på lik line med andre borgarar og treng **tilrettelegging** for å leva verdige og gode liv

Rettleiaren omtalar slike tilretteleggingstiltak som **nedbygging av funksjonshemmande barrierar**.

Stillinga som arbeidsleiar må vera **heiltidsstilling** og finansierast med **friske pengar** – det er allereie underbemanning i sektoren som det er.

Austrheim 2.9.2023

Med venleg helsing

Styret i Austrheim NFU

Sendast til:

Ap - Per Lerøy [Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)

Høgre - Morten Håkon Sognnes [msog@rgsnordic.com](mailto:msog@rgsnordic.com)

INP – Frank Erik Øksnes [austrheim.vestland@inpartiet.no](mailto:austrheim.vestland@inpartiet.no)

Senterpartiet - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn [Bjorn.Inge.Dyrkolbotn@austrheim.kommune.no](mailto:Bjorn.Inge.Dyrkolbotn@austrheim.kommune.no)

Samlingslista - Renee Semmingsen [renee\\_sem@yahoo.no](mailto:renee_sem@yahoo.no)

SV - Evelyn Monslaup [evelyn.monslaup@gulen.kommune.no](mailto:evelyn.monslaup@gulen.kommune.no)